Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Sanke åt kåtfor

Oppskr. av: Sverre Myklebust

(adresse): Veiteberg

Fylke: Sogn & Fjordane

Herad: Gjølster

Bygdelag: Stordalen

Gard: Veiteberg Myklebust

G.nr. 18 Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): bønder

SVAR

1. Å sanke røter er lite kjendt her. Vi smågutane var stødt på ferde kr. 1910 etter søterot (sisselrot) som vi åt fordi ho var so søt. Veks helst i utilgjengelege stein- og berg-sprunger.
Veit ikkje at at dei bruka røter til for i siste heims krig, men under den første vanleg.

2.-3. Sanka tråuske og røyr av åkeren, vaska den og gav kreatura rå (kyrne). Ikkje noko serleg svært for, men betre enn å late kyrne ut på lite og inkjevetta. Ein kunne samle fleire lass (i vognkarm eller møkaslede) og stelle soleis. No køyrer ein helst røtene på dungen.

4. Ola i Nesa (husmannsplass) kom ofte opp på Åsen (farsgarden hans) og henta rot og bar heim i byrdetog.

5. Vart fora opp med same.

2216

6. Röyr (eit slags kvekke) og vanleg kvekerot, ikkje verst for

Bregner

1. Blomme (burke) slær ein i höyet. Simpelt gras.
Men 1880, dårleg år, slo (Anders Åsen) med for sin i 14 dagar blomme og hesja om sumaren i marka
2 Men rötene veit ingen å brukt
5. Björnakam skulle vere godt for åt kreatura, sa folk. Eg prövde eit år å sanka litt åt hesten. (A. Åsen)

IV Anna for av plantar

1. Far gav smalen eine. Heng de kvistene på stekke-grindane, so beit sauene av. Sume köyrde heim litt eine i vedlassa til dette.
Bror min, agronom, har drive siste 20 år å gjeve sauene eine. Kanskje han har det frå Haus, Bergen. Der såg han ein mann som kvar dag sanka inn sekk lyng og gav kreatura (Espeland) A

V Sörpefor

1. Kokar sörpe til dyra av potet, nepe, mjöl og höyfrö i gryter, kjelar ell. blöyter det med heitt vatn over i bytter og stampar, tunner og såar. Vi hadde ein 1/2 tunnetjel

2216

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

til å koke i.
2. Sörpe laga ein av agner, lubbekorn, höyfrö, mjölk, lauv, vatn og mjöl (havre no oftt bygg) og hakk.
3. Helst skulle det gjevast blöyta varm. Iallfall logen var best varm. Når ei ku hadde kalva, fekk ho varm drikke (ell. var sjuk). Dei hadde omn (grue) i skyfet (framskot av fjöstaket) og kokka åt fjöset. „Det ryk enno av fjöset på Jukestad, ser eg. - Dei har enno gamlefjösen." Seier Anders Åsen (80 år)
4. „Rognebæra nyttast kanskje meir no enn för. Dei er gódt mjölkefôr, har eg funne ut. Ja, vi gjev rognebær endå medan kreatura går på beite. Eg er gilde når eg ser det vert bær på rognen. (Åsta)
Nils i Nesa bruka för å sanke rognebæra i tunner, når ei tunne var full, endevende han henne og let ho stå slik til dei skulle brukast (hermetisk?). Vi gjev dei bæra turre i lag med lauvet av rognen. Ogso hönsa får slike bær no." - Det var ei skam å late rognane stå ukongla, nær husa. Det heitte ogso å kongle rognelauv. - ha bæra på höystålet. Gav gjerne grisene konglar oppå maten deira (Befring)

2216
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4

6. Drov gjekk vel ofte i kreatûra, for folk var ikkje so glade i drav-brødi. ^(fûrt)^ Presten i Førde hadde ein drenge som skulle på kverna, male drov. Han kasta selsken på åa. So spurde presten etter det. „Eg har sendt det." Men då det ikkje kom fram i dagen, tok presten han for seg. Då vart drengen sint og tok oppi:
„Hev'kje du endå fulle? Da som ete no ù(or) Rambeskjeret (ytst i Sunnfjord) og i Kinnaklypa (inst — " — mot Sogn) og ikkje endå e mette, so måtte no fanin fylle da —"

Anders Hamars-Holene (Ålhus) gardbrukar, samla geitskogs (geiterams) og brûka til å drygje maten med saman med almebork og almkvist (tagla) som var eteleg mat (folkemat) — Frøkken på geiterams brûkte dei i garn, til klede.

Kvanne og kvannerot (ist. for tobakk) er berre brûkt som folkemat. Men høymofrø samla mør saman med ovelaûv o.a og hadde til grisemat med skyr og mjøl og høyfrø (A.)

VI Fiskeavfall

1. Anders Hove, Florø, sende meg ei tunne sildekvark eit år til Kr 1,50 åt kreatûra (A. Åsen)

2216

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING